

# Kontrollutvalet i Forsand kommune

## Møteinnkalling

Møtested:	Møterom oppe
Dato:	28.08.2014
Tidspunkt:	Kl. 9.00
Møtenr:	3 / 2014

### Til behandling:

Sak nr	Sakstittel
<a href="#">12/14</a>	Godkjenning av protokoll frå møtet 29. april 2014
<a href="#">13/14</a>	Orientering om kommunen sin tertialrapport pr 30. april 2014
<a href="#">14/14</a>	Oppfølging av revisor sin merknad i revisjonsberetninga 2013
<a href="#">15/14</a>	Behandling av rapport forvaltningsrevisjon: Kvalitet i pleie og omsorg
<a href="#">16/14</a>	Regnskapsoppfølging kontroll og tilsyn pr. 31. juli 2014
<a href="#">17/14</a>	Budsjett kontroll og tilsyn 2015 – Kontrollutvalets budsjettforslag
<a href="#">18/14</a>	Førebuing til bestilling av forvaltningsrevisjon 2015
<a href="#">19/14</a>	Forslag til møteplan for 2015
<a href="#">20/14</a>	Revisor si uavhengighetserklæring 2014
<a href="#">21/14</a>	Statusoversikt pr. august 2014
<a href="#">22/14</a>	Orientering om overordna revisjonsstrategi 2014

### Referatsaker/meldinger

Periode:	12.06.2014 - 28.08.2014	
Nr.	Arkivsak	Referatsakstittel
<a href="#">5/14</a>	13/00214-6	Vedtak KST Forvaltningsrevisjon Barnevern

Vennlegast meld eventuelt forfall snarast på telefon 51 33 65 90 evt.mobil til sekretær eller på e-post til [postmottak.rks@sandnes.kommune.no](mailto:postmottak.rks@sandnes.kommune.no).

Ved forfall blir varamedlemmer innkalla særskilt. Medlemmer som meiner seg inhabile, må gje melding om dette slik at varamedlemmer kan innkalla.

Evt. saker merket (*Unntatt offentlighet i medhald av off. l.*) sendes bare til medlemmer/vara-medlemmer.

Forsand, 21.08.2014

Inger Anita Merkesdal  
Leder av kontrollutvalget

Per Kåre Vatland  
Sekretariatet

Vedlegg: [Medlemsoversikt](#)

## **12/14 Godkjenning av protokoll frå møtet 29. april 2014**

Arkivsak-dok. 13/00014-11  
Arkivkode. 033  
Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	28.08.2014	12/14

Protokoll frå møtet den 29. april 2014, vart lagd fram for kontrollutvalet til godkjenning, sjå vedlegg:

### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

**Kontrollutvalet i Forsand godkjenner protokollen frå møtet 29. april 2014**

SANDNES, 09.05.2014

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Protokoll Kontrollutvalet i Forsand 29.04.2014](#)

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*

## **13/14 Orientering om kommunen sin tertialrapport pr 30. april 2014**

Arkivsak-dok. 13/00267-4  
Arkivkode. 212  
Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	28.08.2014	13/14

### **Bakgrunn**

Kontrollutvalet er ikkje med i sjølve behandlinga av økonomirapportane i løpet av året. Men for å halda seg orientert om utviklinga av den løpande drifta i kommune, får kontrollutvalet økonomirapportane framlagt til orientering.

### **Saksutgreiing**

Vedlagt ligger økonomirapporten pr 30.04.2013, me visar til denne

Rådmann og økonomileiar er invitert til møtet for å orientere om rapporten.

### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Forsand tek kommunen sin tertialrapport pr. 30. april 2014 og rådmannen si utgreiing i møtet til orientering

SANDNES, 13.08.2014

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgiver

Vedlegg:  
[Kommunen sin tertialrapport pr 30. april 2014](#)

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*

## 14/14 Oppfølging av revisor sin merknad i revisjonsberetninga 2013

Arkivsak-dok. 13/00113-21  
 Arkivkode. 210  
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	28.08.2014	14/14

### Bakgrunn

I revisjonsberetninga 2013 presiserte revisor at kommunen ikkje hadde tilstrekkeleg med skattetrekksmidler på bunden bankkonto slik skattebetalingsloven § 5-12 krev. Revisor peika og på at dette er eit brot på kommunelovens § 52 om finansforvaltning

Økonomileiar orientere i møtet 29.04.2014 om årsak til forholdet og kva kommunen hadde gjort for å rette om forholdet. Kontrollutvalet vart likevel einige om å be om skriftleg tilbakemelding til dette møte om korleis revisor si presisering i revisjonsberetning er følgt opp.

### Saksutgreiing

Kontrollutvalet har motteke skriftleg tilbakemelding frå leiar av økonomiavdelinga om korleis revisor si presisering i revisjonsberetning er følgt opp. I fylgje brevet får økonomileiar, var dette ein uheldig eingongshending, som ikkje vil gjenta seg. Kommunen har teke grep som gjer at ikkje vil kome i ein tilsvarande pressa likviditetssituasjon som den ein var i ved årsskifte. Det vises elles til utgreiinga får økonomileiaren

Rådmann og økonomileiar er invitert til møtet for å orientere i saka.

### FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek rådmannen si utgreiing om korleis kommunen har følgt opp revisor sin merknad i revisjonsberetninga 2013 til etterretning

SANDNES, 05.08.2014

Per Kåre Vatland  
 Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Tilbakemelding til kontrollutvalet vedr årsrekneskap 2013](#)

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*

## **15/14 Behandling av rapport forvaltningsrevisjon: Kvalitet i pleie og omsorg**

Arkivsak-dok. 13/00327-6  
 Arkivkode. 217  
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	28.08.2014	15/14

### **Bakgrunn**

Kontrollutvalet bestilte forvaltningsrevisjonen «*Pleie og omsorg*» i møte den 11.11.13.

Formålet med prosjektet har vært: «*å se nærmere på årsakene til høye utgifter og et høyt antall tjenestemottakere innen pleie- og omsorgstjenesten prosjektet vil også se nærmere på kvaliteten av tjenesten som gis. I forlengelsen av dette vil en se på muligheter for å effektivisere driften av pleie og omsorgstjenestene.*»

Ut frå dette vedtok kontrollutvalet å sjå nærmare på følgjande problemstillingar:

- *Hva er de viktigste årsakene til det høye utgiftsnivået?*
- *Hva er de viktigste årsakene til at Forsand har langt flere brukere av pleie- og omsorgstjenester enn sammenlignbare kommuner?*
- *Hvordan er kvaliteten på de tjenestene som ytes?*
- *Er det på bakgrunn av de andre problemstillingene mulig å peke på muligheter for å effektivisere driften av pleie- og omsorgstjenestene?*

Då kontrollutvalet behandla bestillinga, la dei til fylgjande femte problemstilling:

- *Se på arbeidsmiljø og sykefravær.*

### **Saksutgreiing**

Kontrollutvalet har mottatt rapport frå den gjennomførte forvaltningsrevisjonen som nå leggest fram til behandling i kontrollutvalet, med innstilling til kommunestyret.

Rapporten bygger på intervju, dokumentgransking og samanlikningar med andre kommunar.

I rapporten kjem det fram følgjande funn:

- Forsand ligg høgare enn landsgjennomsnittet når det gjeld netto driftsutgifter pr. innbyggjar over 80 år, netto driftsutgifter pr. innbyggjar og andelen mottakarar av heimetenester. Sistnemnte kan skyldast lav terskel for å få tildelt teneste, innbyggjarar seier ifrå og kommunen fangar opp behov tidleg.
- Produktiviteten pr. mottakar av kommunale pleie- og omsorgstenester er lågare. Ein institusjonsplass er om lag 40 % dyrare enn landsgjennomsnittet. Til gjengjeld er heimetenestene billigare i Forsand. Det er mange som får heimetenester, men kvar får lite.
- Forsand har lukkast i å rekruttere til store stillingar og faste stillingar. Utfordringane er å skaffe nok vikarar, særleg i høve til feriar. I tillegg manglar og mange (31 %) ønska fagutdanning.

- Brukarane og fagfolka opplever at tenestekvaliteten i Forsand er veldig god.
- Rapporten peikar på at med det høge kostnadsnivået i, kan det finnast rom for effektivisering. Som døme vert det spurt om organiseringa av tenestene er optimal, kor seksjonane helse- og sosial og pleie- og omsorg har fleire tenester som er relativt like.

Oppsummert anbefaler revisor følgjande:

- *Å prioritere arbeidet med en helhetlig plan for kommunens helse- og velferdstjenester, blant annet med å analysere innhold og effekter av dagens tjenestetilbud.*
- *Vurdere eventuelle fordeler og ulemper ved tettere samarbeid mellom helse og sosial og pleie og omsorg eller å slå disse to seksjonene sammen. Det kan ha et potensiale til innsparing og effektivisering.*
- *Vurdere et tettere samarbeid mellom Forsand og nabokommunene på flere områder innen pleie og omsorg.*

For utfyllande opplysningar og kommentarar vises det til rapporten.

I tråd med revisjonsforskriften har rådmannen fått anledning til å uttale seg om rapporten. Rådmannen gir uttrykk for at forvaltningsrevisjonen er grundig og interessant. Rådmannen vil sjå på samarbeid og koordinering av tenester mellom einingane. Det er og diskutert eit samarbeid på tvers av kommunegrensene med nabokommunane.

Forskriften pålegg kontrollutvalet å sjå til at kommunestyret sitt vedtak knytt til gjennomført forvaltningsrevisjon følgjast opp av rådmannen. Kontrollutvalet ber om tilbakemelding på oppfølging av kommunestyret sitt vedtak ca. 6 månader etter kommunestyret sin behandling. Sak om oppfølging av rapporten vidaresendast kommunestyret etter behandling i kontrollutvalet.

I medhald til Forskrift om kontrollutval §11 fremmer kontrollutvalet si innstilling direkte til kommunestyret.

## KONTROLLUTVALET INNSTILLER TIL KOMMUNESTYRET Å FATTE FØLGJANDE VEDTAK:

Kommunestyret i Forsand tek rapporten «*Pleie og omsorg*» til orientering. Rapporten vidaresendast rådmannen for oppfølging av rapportens konklusjonar og anbefalingar.

Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om korleis rapporten er fylgt opp innan ca. 6 månader etter kommunestyret sitt vedtak.

SANDNES, 20.08.2014

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Rapport forvaltningsrevisjon: Kvalitet og kapasitet i pleie og omsorg - RR Forsand 2014](#)

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*

## 16/14 Regnskapsoppfølging kontroll og tilsyn pr. 31. juli 2014

Arkivsak-dok. 13/00144-17  
 Arkivkode. 212  
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	28.08.2014	16/14

### Bakgrunn

Kontrollutvalet skal etter føreskrift om kontrollutval § 18 lage fremme forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Dette fører til at kontrollutvalet òg har ansvar for å fylgje opp rekneskapen på området. Rekneskapsoppfølginga skjer normalt kvart tertial, men denne gongen pr. 31.07.2014.

### Saksutgreiing

Rekneskapsoversikten pr. 31.07.2014 visar et samla forbruk på kr 371.950-, som utgjer 55,3 % av budsjettet.

Når det gjeld utgifter til kontrollutvalet er det hittil i år berre betalt kontingent på kr 1.300,-. Det er førebels ikkje betalt ut godtgjering til politikarane, dette skjer i slutten av året. Utvalet har heller ikkje brukt kursmidlar hittili år. Totalt sett vil det verte eit mindreforbruk på årsbasis på denne delen av budsjettet.

Kjøp av tenester frå kontrollutvalssekretariatet visar eit forbruk på 67,0 %. Dette skuldast at kommunen har fått faktura for heile 2. tertial. På årsbasis vert utgifta som budsjettert.

Når det gjeld kjøp av revisjonstenester er det brukt 63,2 % av budsjettet. Tala frå revisor visar at det er eit meirforbruk på ca. kr 44.000,- enn budsjettet tilseier. Sidan revisor ikkje har meldt frå om dette, må kontrollutvalet difor kunne føresetje at revisor klarer å dekke inn dette, innan eige budsjett i år. Revisor kommenterer elles sine tal slik: «I regnskapsrevisjonen er årsoppgjør 2013 gjennomført og interimrevisjonen for 2014 påbegynt. Det er utført attestasjon av mva-kompensasjonen for tre terminer. Blant særattestasjonar kan nevnes bekreftelse av tilskudd til ressurskrevende brukere og antall psykisk utviklingshemmede som de mest tidkrevende. Prosjekt innen pleie og omsorg er tilnærmet ferdigstilt og leveres høsten 2014.»

### FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tek regnskapsoppfølging kontroll og tilsyn pr. 31. juli 2014 til etterretning.

SANDNES, 09.05.2014

Per Kåre Vatland  
 Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Regnskapsoppfølging kontroll og tilsyn pr 31.07.2014](#)

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*

## **17/14 Budsjett kontroll og tilsyn 2015 – Kontrollutvalets budsjettforslag**

Arkivsak-dok. 13/00162-9  
 Arkivkode. 151  
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	28.08.2014	17/14

### **Bakgrunn:**

Kontrollutvalet har eit lovpålagd ansvar for å utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Sidan kontrollutvalet er direkte underlagd kommunestyret, skal kontrollutvalet sitt budsjettvedtak i tråd med føreskrifta leggst fram for kommunestyret i samband med behandling av kommunens samla budsjett for 2015.

Budsjettet skal omfatta alle utgifter forbundne med kontrollutvalet sitt arbeid. Kontrollutvalet blir derfor å sjå på som ei avdeling i kommunen med budsjettansvar for eige budsjett. Dette inneber også eit ansvar for rekneskap og rekneskapsoppfølging.

### **Saksutgreiing:**

*Føreskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar* pålegg kommunen å ha ei forsvarleg revisjonsordning og eit uavhengig sekretariat. Budsjettforslaget omfattar derfor lovpålagde oppgåver.

Budsjettforslaget er delt inn i 3 hovudpunkt; utgifter til utvalsarbeidet, kjøp av revisjonstenester og sekretariat.

### ***Kontrollutvalets utgifter***

Kontrollutvalet sine utgifter består av møtegodtgjersle til kontrollutvalets medlemmer, utgifter til kjøring/ transport, kurs m.m. . Utvalets medlemskap i FKT høyrer også med her, dette er ei utgift som kjem så lenge kommunen er medlem. Det er gjort nokon mindre endringar i budsjettet i høve til budsjett for 2014, slik at netto utgift er redusert med kr 3.000,-. Det utgjer ein reduksjon på 3,9 % i høve til 2014. Denne delen av budsjettet er den einaste kommunestyret har høve til å endra på ved fastsetjing av endelig budsjett, jfr. kommentarar nedafor.

### ***Revisors budsjettforslag:***

Forsand kommune er medeigar i det interkommunale selskapet Rogaland Revisjon IKS, og kjøper derfor sine revisjonstenester frå dette selskapet. Sekretariatet har mottatt forslag til budsjett frå revisor, styrebehandla i august 2014. Budsjettforslaget i eit IKS skal også behandlast i representantskapet, og vil bli behandla her i løpet av hausten. Når budsjettet er vedtatt i representantskapet, er det bindande for kommunen.<sup>1</sup>

<sup>1</sup> Endring av IKS-loven med virkning fra 01.01.2014, der kravet om at kommunestyrene skal endelig godkjenne budsjettet i interkommunale samarbeid er tatt bort.



Revisors budsjett omfattar i grove trekk utgifter til vanlig rekneskapsrevisjon, attestasjonar, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i tråd med planar vedtatt av kommunestyret, samt oppmøte i kontrollutvalet. Det vert vist til eige vedlegg frå revisor for oversikt over kva som er forventa brukt til dei forskjellige føremåla. Revisor har i sitt budsjettforslag lagt til grunn same timetal som i 2014, men auka timeprisen noko. Revisor sitt budsjett aukar totalt med 3,3%.

***Sekretariatets budsjettforslag:***

Forsand komme er medlem i det interkommunale § 27-samarbeidet Rogaland Kontrollutvalgssekretariat, og kjøper kontrollutvalet sine administrasjonstenester her. Sekretariatet sitt budsjett med fordeling av grunnbeløp til kommunane vart godkjent av styret den 22. august 2014. Budsjettet i eit § 27-samarbeid som er eige rettssubjekt vert fastsett av styret i samarbeidet og følgjer elles dei same reglane som for interkommunale selskap, sjå ovanfor.<sup>2</sup>

Det er i år ei samla auke i budsjettet på 4-5%, hovudårsaka til dette er auka utgifter til pensjon. Samarbeidet skal drivast etter sjølvkostprinsippet, og endelig betaling til kommunane vert i tråd med vedtektene gjort ved rekneskapsavslutning. Fram til nå har det enten ført til tilbakebetaling av overskot eller at budsjettet har vore tilstrekkelig.

Samla sett vert det føreslått eit budsjett på kr. 700.000,- eksklusiv meirverdiavgift.

**FORSLAG TIL VEDTAK:**

**Kontrollutvalet i Forsand foreslår eit samla budsjett til kontroll og tilsyn for 2015 på kr. 700.000,- ekskl. mva.**

SANDNES, 24.06.2014

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Budsjettforslag 2015 for kontroll og tilsyn](#)

[Rogaland Revisjon sitt budsjett 2015 Forsand](#)

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*

---

<sup>2</sup>Se også brev fra KRD 24.09.07 til Buskerud Kommunerevisjon: «...Kommunestyrene i deltakerkommunene må ta samarbeidets særbudsjett og særregnskap til orientering.»

## 18/14 Førebuing til bestilling av forvaltningsrevisjon 2015

Arkivsak-dok. 13/00266-4  
 Arkivkode. 217  
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	28.08.2014	18/14

### Bakgrunn

I følgje kontrollutvalet sine føreskrifter med departementet sine merknader er det kontrollutvalet som har ansvar for å bestille forvaltningsrevisjonar. Bestillingane skal gjerast ut frå vedteken plan for forvaltningsrevisjon og budsjettramma som kontrollutvalet har.

### Saksutgreiing

Kontrollutvalet har allereie bestilt forvaltningsrevisjonen «Pleie og omsorg» som ein venter levert til møtet i november.

I fylgje vedteken plan for forvaltningsrevisjon står det att fylgjande prioriterte områder som er aktuelle for forvaltningsrevisjon. Tabellen visar og dei momenta som vart nemnde då område vert føreslått:

Område	Kommentarar til område
Vei, Vann og avlaup	Klimaretta tiltak, fare for flaum, førebygging og behov for investeringar
Barnevern	Store overskridingar – kva skullast dette? Det er høg aktivitet i barnevernet. Kva kan vere årsak?
Kommunalt arkiv	Kommunen sitt arkiv er viktig for å sikre dokumentasjon av kommunen sin behandling av saker Det er og viktig for å sikre innbyggjarane sin rettstryggleik, som til dømes i erstatningssaker Det er stort fokus på at kommunane har ei open saksbehandling. Difor er det viktig at kommunen sitt arkiv er vert gjort tilgjengeleg for innbyggjarane, Tap av arkivmaterial kan verte meldt til politiet
Teknisk eigedomsforvaltning/ vedlikehald	Eigedomsforvaltning/vedlikehald. Vert lovar og regelverk halde?
ATO	Evaluering av verksemda. Effektivitet, produktivitet og måloppnåing
Henvendingar frå innbyggjarane	Oppfølging av rapport i førre valperiode. Ting tydar på dårleg oppfølging – og dårlege problemstillingar då

	innbyggjarane ikkje vart spurde.
--	----------------------------------

Kontrollutvalet må velje ut eit område, som dei vil gjennomføre forvaltningsrevisjon på. Kontrollutvalet bør å sei noko om kva dei ynskjer å oppnå med forvaltningsrevisjonen (føremål) og kva problemstillingar dei ynskjer å sette fokus på. Kontrollutvalet ber revisor lage eit utkast til prosjektmandat til neste møte, kor endeleg bestilling vil finne stad.

Kontrollutvalet bestilte i møtet 11.11.2013 obligatorisk eigarskapskontroll i tråd med plan for selskapskontroll. Planen var at revisor skulle starte på denne i 2014 og fullføre den i 2015. Sett i lys av rekneskapsoversikta for kontroll og tilsyn pr. 31.07.2014, er det knapt med midlar til å setje i gang dette prosjektet no. Sekretariatet føreslår difor å utsetje denne kontrollen til 2016, slik at dette vert den første rapporten til nyvald kontrollutval behandlar. Vidare vil sekretariatet føreslå at når kontrollutvalet no bestiller denne forvaltningsrevisjonen, bør dei be om å få rapporten levert til møtet i august 2015, slik at dei får behandle den på siste møtet før valet.

#### FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet vel ut følgjande område for neste forvaltningsrevisjon . Kontrollutvalet ber revisor lage eit utkast til prosjektmandat til neste møte som vil danne grunnlag for endeleg bestilling. Kontrollutvalet ynskjer at rapporten vert levert i august 2015.

Kontrollutvalet vel å utsette den obligatoriske eigarkontrollen til 2016.

SANDNES, 05.08.2014

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgiver

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*

**19/14 Forslag til møteplan for 2015**

Arkivsak-dok. 13/00213-14  
 Arkivkode. 033  
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	28.08.2014	19/14

**Bakgrunn**

Med utgangspunkt i møteplan for 2014 har sekretariatet laga eit forslag til møteplan for 2015. Normalt har kontrollutvalet 4 – 5 møter i året.

**Saksutgreiing**

Møteplanen er som tidlegare lagd opp med 5 møter, 3 møter om våren og 2 om hausten. Møtet i juni kan avlyst dersom det er liten saksmengde. Det er òg mogleg å ha ekstra møter om det er behov.

I møtet i april skal kontrollutvalet behandle årsrekneskapen for kommunen. Kontrollutvalet må behandle dette før formannskapet og kommunestyret, difor må dette møtet samordnast med kommunen sin møteplan. Førebels forslag er 23. april, men dette kan bli endra når kommunen sin møteplan er klar. Me vil gje nærare beskjed om endeleg dato så snart denne vert fastsett.

Møteplanen er lagd opp med same møtedag (torsdag) og møtetidspunkt (kl 09:00) som i 2014. Endringar i møtedatoar og tidspunkt, må tilpassast 16. andre utval, slik at det kan vere vanskeleg å på desse. Dersom utvalet likevel føretrekker ein annan dag, vil me strekke oss så langt me kan for å få dette til.

**FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Forsand vedtek følgjande møteplan for 2015:

Dag	Dato	Tidspunkt	Kommentar
Torsdag	29.01.2015	09:00	
Torsdag	23.04.2015	09:00	Kan verte endra
Torsdag	28.05.2015	09:00	Utgår om det er få saker
Torsdag	27.08.2015	09:00	
Torsdag	26.11.2015	09:00	Nytt utval

SANDNES, 25.06.2014

Per Kåre Vatland  
 Seniorrådgiver

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*

**20/14 Revisor si uavhengighetserklæring 2014**

Arkivsak-dok. 13/00179-10  
 Arkivkode. 026  
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	28.08.2014	20/14

**Bakgrunn**

Etter føreskrifta om revisjon i kommunar og fylkeskommunar § 15, skal oppdragsansvarleg revisor årleg og elles ved behov, gje ei skriftleg eigenvurdering om sin uavhengigheit, til kontrollutvalet.

**Saksutgreiing**

Erklæring frå revisor er ei eigenerklæring for oppdragsansvarlege revisor sin uavhengigheit i forhold til Forsand kommune.

Ifølge KommuneLoven § 79 skal den som foretar revisjon for ein kommune ikkje ta oppdrag for kommunen dersom revisor eller revisor sine nærstående har ei slik tilknytning til kommunen at den kan svekka revisor sin uavhengigheit og objektivitet. I tillegg seier forskrifta §§ 13 og 14 noko om kva krav som vert stilt til at revisor skal vera uavhengig, og kva avgrensingar som finst for revisor ved gjennomføring av revisjonsoppdraget.

Som det går fram av kommentarane til § 15, stilles det same krav om uavhengigheit og objektivitet både til oppdragsansvarleg revisor og til denne sine medarbeidarar. Men kravet om dokumentasjon i forhold til kontrollutvalet (eigenerklæring), gjelder berre oppdragsansvarleg revisor. Erklæringa skal som nemnt gjevast årlig, dersom det ikkje ligg føre tilhøve som gjer at erklæringa må gjevast hyppigare.

Erklæringa vert gitt på revisors eige ansvar og skal ikkje godkjennast av kontrollutvalet, men tas til orientering.

**FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Forsand tek revisor si uavhengighetserklæring 2014 til orientering.

SANDNES, 25.06.2014

Per Kåre Vatland  
 Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Uavhengighetserklæring 2014](#)

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*

**21/14 Statusoversikt pr. august 2014**

Arkivsak-dok. 13/00087-17  
 Arkivkode. 217  
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	28.08.2014	21/14

**Bakgrunn**

Statusoversikten er kontrollutvalet sitt verktøy til å fylgje saker som går fleire møter. Dette gjelder forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar som fylgjast frå de vert bestilt og til dei er endeleg følgde opp. Men òg andre type saker som krev oppfølging kan verte tekne med i oversikta. Oversikta vert oppdatert til kvart møte.

**Saksutgreiing**

Saka skal for det første gje kontrollutvalet oppdatert oversikt over status på dei enkelte sakene. Når saken er ferdigbehandla, vert de ståande slik at utvalet har oversikt over kva som er gjort i perioden.

Under denne saka kan kontrollutvalet òg ta opp spørsmål i tilknytning til sakene. Det vert òg lagt opp til at revisor under denne saken kan gje utvalet orientering om status på prosjekter dei arbeider med, og avklare endringar om dette er nødvendig.

I oversikta er det lagt opp til at rapportane som er bestilt men ikkje levert, vert levert i 2013. Om dette let seg gjere, avhenger av revisjonen sin kapasitet.

Til dette møte er det følgjande til behandling:

- Behandling av forvaltningsrevisjon «*Kvalitet i pleie og omsorg*»
- Tilbakemelding frå administrasjonen på korleis revisor sine presiseringar i revisjonsberetninga er fylgt opp, sjå sak 8/14.
- Ny sak om førebuing til ny bestilling av forvaltningsrevisjon. Spørsmål om utsetjing av selskapskontroll vert teken opp i saka.

**FORSLAG TIL VEDTAK:**

**Kontrollutvalet i Forsand tek statusoversikt pr. august 2014 til orientering.**

SANDNES, 02.05.2014

Per Kåre Vatland  
 Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Statusoversikt kontrollutvalet sine saker pr. august 2014](#)

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*

**22/14 Orientering om overordna revisjonsstrategi 2014**

Arkivsak-dok. 13/00179-11  
 Arkivkode. 026  
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	28.08.2014	22/14

**Bakgrunn**

Etter kommunelovens § 77, 4. ledd skal kontrollutvalet ”påse at kommunens ... regnskaper blir revidert på betryggende måte”. Tilsynet vert gjennomført ved at revisor rapporterer til kontrollutvalet på dei ulike trinna i revisjonsprosessen. Rapporteringa dekkjer både planlegging, gjennomføring/oppsummering av arbeidet. I denne omgang vil revisor presentere overordna revisjonsstrategi som viser korleis revisor planlegger årets revisjon.

**Saksutgreiing**

I følge forskrift om revisjon § 4 og god kommunal revisjonsskikk, skal revisjonen kvart år utarbeide en plan for revisjon av regnskapet. Dette er eit internt dokument som styrer det arbeidet revisor må gjere for å kunne bekrefte rekneskapen. Sidan det er eit internt dokument vert det ikkje utlevert til kontrollutvalet, men revisor vil gi en munnleg orientering til utvalet om hovudtrekka.

**FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Forsand tek revisor sin presentasjonen av overordna revisjonsstrategi 2014 til orientering.

SANDNES, 05.08.2014

Per Kåre Vatland  
 Seniorrådgiver

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*

[5/14 Vedtak KST Forvaltningsrevisjon Barnevern](#)

Arkivsak-dok. 13/00214-6  
Arkivkode. 217

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	28.08.2014	5/14

[Saksliste](#)